

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 16.02.2017

YMSE

Vedk. RS 1/17 Stortingsmelding 9 (2016-2017)

Hordaland fagskulestyre ber administrasjonen gjera greie for følgjande saker:

1. Samanslåing av Hordaland helsefagskole med Fagskolen i Hordaland.
2. Eventuelle konsekvensar og moglegheiter for Fagskolen i Hordaland i samband med den pågåande regionreforma
3. Undersøking av om utdeling av midlar til kvalitetshevande tiltak er starta opp.
4. Sjekka faktaopplysning om krav til Master for å koma inn på PPU vil bli eit reelt krav. Dersom dette er ein realitet vil styret melda inn sitt syn på saka.

Vedk. praksisplassar innan helsefaga:

Styret ber administrasjonen utarbeida skriv til Helse Bergen vedk. behov for praksisplassar.

Vedk. framtidig budsjettarbeid og oversikt over investeringsbehov:

Styret ber om at arbeid med budsjett og utarbeiding av investeringsplan vert sett i gang i høveleg tid i høve til budsjettarbeidet for 2018.

Vedk. Regional plan for kompetanse og arbeidskraft.

Styret ber om at planutkastet vert lagt fram for styret på styremøtet 5. mai.

Vedk. møte m/olje- og energiministeren

Styreleiar informerte frå møte m/olje og energiministeren 14.februar på Fagskolen i Hordaland.

Vedk. studentrådet.

Studentrepresentant informerte om prosessen med nytt studentråd i den nye fagskolen.